

Høyringssvar – kyrkjeordning for Den norske kyrkja

Hovudsynspunkt

Time kyrkjelege fellesråd (TKF) støttar Kyrkjerådets anbefaling om at hovudtrekka ved dagens ansvars- og oppgåvefordeling vert midlertidig ført vidare. Vidare sluttar TKF seg til deler av KAs høyringssvar til kyrkjeordning for Den norske kyrkja, noko som kjem fram av dette dokumentet.

Ettersom den endelige utforminga av ny trussamfunnslov ikkje er ferdig, vil TKF understreka at det fortsett gjenstår viktige rettslege og prinsipielle avklaringar mht bestemmingar i ny trussamfunnslov og kyrkjeordning. TKF legg til grunn for denne høyringa at eit fellesorgan for sokna/kyrkjeleg fellesråd får vidareført naudsynt rettsleg handleevne til fortsett å kunne opptre som ansvarleg arbeidsgjevar, kyrkjebyggforvaltar og gravplassmynde i ny lov. TKF ber Kyrkjerådet om å legge til grunn ein tilsvarende føresetnad i sitt vidare arbeid.

TKF vil også understreke viktigheita av fortsett tilgang til informasjon om tilhørige/barn av medlemmar i Den norske kyrkja, og ber Kyrkjerådet innstendig om å fortsette arbeidet med å få på plass heimel på dette i den nye trussamfunnslova.

Kapittel 1 Den norske kirkes grunnlag

TKF er positiv til forslaget om at kyrkjeordninga har innleiande bestemmingar av grunnleggande karakter. Dette kapitelet må sjåast på som grunnlaget for kapitla som kjem etter, og må difor vere tydelege, veloverveide og konsise i formuleringane.

I §5 vil TKF at «folkevalde» eller «tillitsvalde» blir tatt med i opplistinga, ettersom rådsmedlemmar i høgaste grad er med å ivareta oppdraget til Den norske kyrkja.

Endringsreglar

TKF er elles einig i forslaget til særskilde endringsreglar for bestemmingane i kap. 1. TKF vil foreslå at denne modellen for endringsregler òg blir brukt på førstegongs fastsetting av bestemmingane i kap. 1. Det vil medføre at kap. 1 – bortsett frå bestemmingane om læregrunnlaget og ei eventuell vidareføring av noverande § 1 som representerer vidareføring av eksisterande bestemmingar – må vedtakast på nytt med 2/3 fleirtal i neste periode før dei blir omfatta av særskilde endringsreglar. TKF vil også føreslå at endringsreglane i § 50 blir tatt inn i kap. 1 slik at desse òg får eit tilsvarende vern som sjølve bestemmingane i Den norske

kyrkja sitt grunnlag. Slik reglane er føreslått no vil eit og same Kyrkjemøte, dog med 2/3 fleirtal, kunne endre endringsreglane, utan at det er krav om eit mellomliggende Kyrkjemøte.

Kapittel 2. Kyrkjeleg inndeling, kyrkjas organ, medlemskap, kyrkjelege register og kyrkjeleg stemmerett

§ 9 Kyrkjeleg inndeling, namn på kirker og kirkelige enheter, særskilte menighetsformer

Første ledd i bestemminga bør ha ein utvida formulering som befester soknet som kyrkja si grunneining.

§ 11 Tilhøyrigheit og medlemskap

KA er kritisk til at «*lovlig opphold i riket*» i første ledd foreslås innført som en ny forutsetning for medlemskap i Den norske kirke. Det bør skjelnes tydeligere mellom kirkens medlemskapskriterier og statens eventuelle kriterier for medlemskap i trossamfunn i medhold av trossamfunnsloven som vilkår for tilskudd mv.

I annet ledd legges det til grunn at barn anses som tilhørende når minst en av foreldrene er medlem av Den norske kirke. KA ønsker at denne bestemmelsen blir revurdert på nytt i lys av kritikken mot dagens forrangbestemmelse kirkelovens § 3, pkt. 2. Bestemmelser om tilhøyrigheit bør etter vår oppfatning i størst mulig grad uttrykke økumenisk konsensus.

I fjerde ledd om inn- og utmelding er dagens bestemming endra. Det er unødig at kyrkjeordninga skal regelfeste at rolla som kyrkjebokførar skal vere avgrensa til ein bestemt stillingskategori. Dagens bestemming kan difor vidareførast i kyrkjeordninga (*«Innmelding i, og utmelding av Den norske kirke skjer ved henvendelse til kirkebokføreren på bostedet eller til Kirkerådet»*).

Kapittel 3. Verksemrd i soknet. Soknets organ og deira oppgåvefordeling m.m.

§ 17 Utreden av menighetsrådet i valperioden

Bestemminga i forslaget til § 17 er ein kopi av ny kommunelov § 7-11 og har ein opprekning av kva straffebod som fører til suspensjon/at man blir fjerna frå vervet i sokneråd/fellesråd. Etter TKF si oppfatning må denne paragrafen utvidast til òg å gjelde andre alvorlege straffbare førehald. I tillegg til lovbroten av «økonomisk karakter mv, meiner vi at vedtak om

uttreden kan skje på grunnlag av seksuelle krenkingar og vald som er begått mot ein person i tilknyting til verv eller teneste for soknerådet. Slike krenkingar vil svekke tilliten til den folkevalde og Den norske kyrkja.

Det heilskaplege arbeidet for å sikre at kyrkja er ein trygg stad for bl.a. born og unge tilseier at kyrkjeordninga må inkludere òg slike lovbroter m.fl. i opprekninga. Vårt forslag er at bestemmingane blir utvida og samstundes peikar på dei lovbestemmingane som inngår i opprekninga i § 39 i politiregisterlova om barneomsorgsattest.

§ 25 Kyrkjeleg fellesråd og om overføring av partsansvar

TKF støttar at gjeldande oppgåvefordeling mellom sokneråd og kyrkjeleg fellesråd blir ført vidare. Fellesrådets rettslege handleevne som arbeidsgjever, kyrkjebyggforvaltar og gravferdsmynde må nedfellast i lov.

Kapittel 4. Kyrkjebygg

§ 28 Forvalting av kyrkjene og avgrensing av rådvelde

Soknets eigarskap til kyrkjene inneber i utgangspunktet fullt eigarrådvelde over kyrkjebygga. Forslaget til første ledd i denne bestemminga opnar samstundes for at kyrkja nasjonalt kan endre vesentlege rammar for soknets forvaltingsansvar av eigne kyrkjer.

Etter vår vurdering bør formuleringa i første ledd i § 28 gjennomgås nærmare. TKF meiner det er behov for ytterlegare klargjering av kva som er grensene for Kyrkjerådets mynde ovanfor sokna på dette området.

Kapittel 5. Regionale og sentrale organ

§ 36 Kyrkjemøtet

TKF støttar at Kyrkjemøtet i ny trussamfunsslov blir definert som Den norske kyrkja sitt øvste *representative* organ. Derimot meiner vi at det ikkje er naturleg at Kyrkjemøtet i omtalen av seg sjølv definerer seg som kyrkja sitt øvste *besluttande* organ.

Kapittel 6. Forskjellige bestemmelser

§ 47 Tilgjenge til å oppstille vilkår om medlemskap i Den norske kyrkja for tilsette og ombod

TKS føreslår at første del i andre ledd i § 47 får følgjande ordlyd:


«Ved tilsetting i kirkelige stillinger som er av betydning for å virkeliggjøre Den norske kirkes formål, skal tilsettingsmyndigheten oppstille krav om medlemskap i Den norske kirke i tråd med adgangen til dette i likestillings- og diskrimineringsloven § 30. Det skal oppgis i utlysningen av stillingen at medlemskap kreves.»

Til slutt:

Det er fortsett opent kva Kulturdepartementet og Stortinget vil foreslå når det gjeld ny trussamfunnslov, finansiering av Den norske kyrkja mv. Time kyrkjelege fellesråd har følgjande håp for prosessen vidare:

- At Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet legg vekt på bestemmingar som fastslår at Den norske kyrkja skal vere demokratisk organisert.
- At soknet blir befesta som kyrkja si grunneining.
- At denne høyringssaka bygger ein plattform for gode prosessar for arbeid med ny kyrkjeordning
- At det blir jobba vidare med opning for tilgang til tilhøyrige av medlemmar, heimla i lov.
- At kyrkja både i denne og framtidige sakar balanserer tradisjon og fornying med klokskap.

På vegne av Time kyrkjelege fellesråd



Gunnar Bjorland Stone

Kyrkjeverje